

BOKN KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: Onsdag 28. februar 2018
Tid: kl. 17.00
Sted: Møterom 1. etasje, Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla til å orientere i sak 5/18.

Saksliste:

- 1/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 18.10.17
- 2/18 Deltaking i selskapskontroll – Karmsund Havn IKS
- 3/18 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2018
- 4/18 Kontrollutvalet si årsmelding 2017
- 5/18 Referat- og orienteringssaker 28.02.18

Eventuelt

Aksdal, 21.02.18

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.02.18	1/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 18.10.17

Vedlegg: Protokoll frå møtet 18.10.17


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.10.17 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 18.10.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 21.02.18



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 18. oktober 2017 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiding av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1.etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Utvallsleiar Lars Øyvind Alvestad (Ap) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
FORFALL:	Jørn Hansen (Uavh.) – kort varsel
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalgssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Host-Larsen, Deloitte AS Forvaltn.revisor Kari Gåsemyr, Deloitte Bergen via mobil i sak 11/17
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard Teknisk sjef Kåre Bua i sak 11/17
MERKNADER TIL INNKALLING:	Sakskart mangla på kommunens nettside og i Dropbox
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.05.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.17 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Utvallsleiar hadde forfall sist møte. Vatnaland hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 22.05.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «PLAN, BYGGESAK OG EIGEDOM»

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte gjorde via mobil greie for rapportens innhald med utgangspunkt i kap. 5 - konklusjon og tilrådingar.

Rådmannen viste til sine kommentarar i rapporten, men utdjupa forholda innan teknisk nærare. Han viste bl.a. til sak sendt til politisk handsaming nå i oktober om delegasjonsreglement. Overføring av oppgåver til Karmøy skyldast: manglande kompetanse innan plan og bygg (svært krevjande arbeidsfelt) og oppgåver innan kart og landbruk har tidlegare vært utført av Tysvær kommune. Han klargjorde kommande rutinar og utfasing av kjøp av konsulenttenester og personellsituasjon. Prinsipielle saker og negative vedtak etter delegasjon vil fortsatt bli lagt fram for dei folkevalde. Utvalet hadde fleire spørsmål som det blei gjeve svar på.

Utvalet blei samde om å ta inn i pkt. 3 følgjande tillegg:

.....og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer,

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 12/17 REVISJONSPLAN FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2017 frå Deloitte AS og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Revisor Else Holst-Larsen orienterte om revisjonsplanen og viste den på skjerm. Ho gjorde greie for omfang og angrepsvinklar, orienterte om vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og eigenerklæringa. Revisor svarta på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2017 frå Deloitte AS og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor til orientering.

SAK 13/17 BUDSJETT 2018 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2018 vert på i alt **kr 335.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	58.000
Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)	kr	112.000
Kjøp av revisjonstenester (Deloitte AS)	kr	185.000

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Utvalssekretæren gjorde greie for oppsettet. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2018 vert på i alt **kr 355.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>58.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)</i>	<i>kr</i>	<i>112.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (Deloitte AS)</i>	<i>kr</i>	<i>185.000</i>

SAK 14/17 MØTEPLAN FOR 2018

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

onsdag 28.02, tysdag 22.05, onsdag 05.09 og onsdag 07.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Utvalssekretæren orienterte om framlegget. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

onsdag 28.02, torsdag 22.05, onsdag 05.09 og onsdag 07.11 kl. 17.00.

Utvallssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 15/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.10.17

21. Orientering om økonomi og løpende og kommende prosjekt v/rådmannen
22. Statusrapport pr. oktober 2017
23. Protokoll fra generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
24. FKT-konferansen i Tromsø 7. – 8. juni
25. FKT – protokoll frå årsmøtet 07.06.17
26. KS utgitt revidert rettleiar om ytringsfridom og varsling
27. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland 30.11.17 - program
28. Haugalandspakken AS – ekstraordinær generalforsamling 30.10.17
29. Haugaland Kraft AS – ekstraordinær generalforsamling 14.11.17

Handsaming i kontrollutvalet 18.10.17:

Rådmannen orienterte. 3.tertialrapport var under utarbeiding og syner overforbruk innan omsorg. Inntektene frå Statens vegvesen til vassverket er forsinka. Utbygginga av sjukestova og omsorgsbustadene er godt i gang. Rekneskapen for idrettshallen blei innan fastsett kostnadsramme på 50 mill. kr. Nytt interkommunalt samarbeid innan IKT er under planlegging. Dei to siste åra har kommunane hatt eit fellesprosjekt om velferdsteknologi. Haugaland Brann og Redning IKS er kome i drift frå 01.10. I haust var det vore felles øving for alle kommunane på Haugalandet. Det vil bli meir innstramming i kommuneøkonomien i åra framover og meir fokus på tenestene.

Utvallssekretær orienterte om dei andre referatsakene. Ingen av medlemmene hadde høve til å delta på Haustkonferansen. Sekretær varsla at Karmøy kontroll- og kvalitetsutval har tatt initiativ til ein samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Utvalet var samd i at ei kommande sak til utvalet kan bli gjort med skriftleg sakshandsaming.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.10.17:

Referatsakene 31 - 39 blir tatt til orientering.

Eventuelt


Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Neste møte skulle etter planen vere 15. november, men sidan septembarmøtet var skjøve til oktober, vart utvalet samd om å avlyse møtet, med mindre det skulle dukke opp noko spesielt. Neste møte vil då bli onsdag **28. februar 2018.**

Bokn, 18. oktober 2017

Lars Øyvind Alvestad
Utvallsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvallssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.02.18	2/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

DELTAKING I SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

Vedlegg: KPMG sin prosjektplan (IM)

Bakgrunn

Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vedtok i møtet 20.09.17, sak 38/17 at dei ville ha lagt fram ei sak om tinging av selskapskontroll i Karmsund Havn IKS, og at eigarkommunane delte kostnadane for fellesprosjektet. Prosjektet er gjeve fyrsteprioritet i plan for selskapskontroll i alle dei fem kommunestyra på Haugalandet.

I overordna analyse blei Karmsund Havn IKS vurdert å ha høgast risiko av selskap Karmøy kommune eigar. Det blei peika på at det er knytte store verdier til selskapet, og at selskapet har høge låneskyldnader. I tillegg ligg det føre potensiell negativ miljøpåverking som kan føre til brudd på forureiningslova.

Om selskapet

Eigarskapen er delt mellom følgjande seks kommunar:

Karmøy kommune	(38,46 %)	– revisoravtale m/KPMG
Haugesund kommune	(38,46 %)	– revisoravtale m/KPMG
Tysvær kommune	(7,69 %)	– revisoravtale m/KPMG
Bømlo kommune	(7,69 %)	– revisoravtale m/Deloitte
Sveio kommune	(3,85 %)	– revisoravtale m/Deloitte
Bokn kommune	(3,85 %)	– revisoravtale m/Deloitte

Som eit interkommunalt selskap har Karmsund Havn eit representantskap, kalla hamnerådet, som har seks medlemmer med varamedlemmer oppnemnt av kvar av dei seks eigarkommunane. Selskapets styre, kalt hamnestyret, har fem medlemmer og tre varamedlemmer.

Karmsund Havn IKS har pr i dag to dotterselskap: Garpeskjær Eiendom AS (50 %) og Garpeskjær Eiendom IS (50 %).

Selskapet har 21 medarbeidarar, der to er vikarar i Karmsund Havnevakt. Selskapet er delt i tre avdelingar: Økonomi- og administrasjonsavdeling, Maritim avdeling og Teknisk avdeling. I tillegg er det to stillingar i hamnedirektørens stab.

Kjerneverksemden definerast som drift av hamneområdet, og har ein klår synergi med kommunane si verksemd og politiske mål, som bidrar til å gjere regionen til ein attraktivt stad for næringsliv, busetting og turisme.

I løpet av få år har Karmsund Havn IKS gjennomgått ei betydeleg endring. Selskapet er blitt ein større og meir synleg tilrettelegger av sjøbasert infrastruktur, i kombinasjon med forvaltning og kontroll av sjøtrafikken i eige hamneområde. Styrets mål er at selskapet tilbyr eit konkurransedyktig alternativ til transportnæringa og arbeider aktivt for å styrke tilbod og service innan kjerneområda: nasjonal og internasjonal gods-, container- og ro-ro-trafikk, offshore og fiskeri.

Eierkommunene har utarbeida ein eigarstrategi for Karmsund Havn hausten 2016, og held eigarmøter kvart halvår, seinast 23.11.17 med omvisning på Husøy.

Prosjektmandatet

Sekretariatet bad i brev av 10.10.17 om tilbod på prosjektplan frå både KPMG og Deloitte. Etter revisjonsavtalen/konkurransegrunnlaget er det tatt inn at utvala har rett til å kjøpe inn forvaltningsrevisjon og selskapskontroll frå andre enn leverandøren.

Innan fristen hadde baa KPMG og Deloitte levert sine tilbod/ framlegg til prosjektplan. Det var i forkant ikkje sett kriterier for val av tilbod, men i brevet blei tatt inn at det var ønska framlegg til prosjektmandat, slik at utvalet kunne ta stilling til om kva selskap som har *den beste tilnærminga* til oppdraget.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg vedtok i møtet 29.11.17, sak 49/17 følgjande:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eierkommuner og tråd med det utkastet til prosjektplan som foreligger fra KPMG AS for alternativ 1 (obligatorisk eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon som vurderer drift og styring).

Rammen settes til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eierkommunene blir etter eierandel og fasthonorar eks. mva. i henhold til tilbud 17.11.17.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg inviterer kontrollutvalget i Haugesund, Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i tråd med det utkast til prosjektplan som er valgt.

Bestillingen blir bare iverksatt under forutsetning av at Haugesund kontrollutvalg slutter seg til fellesprosjektet.

Tilbudet fra KPMG AS

KPMG har gjort framlegg om at formålet med selskapskontrollen er å undersøke «i hvilken grad kommunens eierinteresse i selskapet Karmsund Havn blir ivaretatt, og om selskapet har etablert system og rutiner for å sikre at selskapet har en forsvarlig drift og etterlever sentrale regelverk.»

Karmsund Havn har betydeleg bredde i sin havneportefølje og ein rekke verksemdsområde som omfattar ulike oppgåver.

Med bakgrunn i Karmsund Havns komplekse verksemd foreslår KPMG at selskapskontrollen vert gjennomført som ein utvida selskapskontroll som består av ein obligatorisk eigarskapskontroll, samt forvaltningsrevisjon som vurderer drift og styring av Karmsund Havn. Ved ein slik tilnærming vil kontrollutvala då gjennomføre obligatorisk eigarskapskontroll i samsvar med kommunelova, og gjennomføre kontroll av at selskapet har ein forsvarleg drift.

Alt. 1: Obligatorisk eierskapskontroll samt forvaltningsrevisjon**Obligatorisk eierskapskontroll**

1. I hvilken grad følger kommunen(e) opp sine eierinteresser i Karmsund Havn IKS, i samsvar med

- a. eierkommunenenes **eierstrategi** for selskapet?
- b. krav og normer til godt eierskap?

2. Hva er årsaker til eventuell manglende etterlevelse hos kommunen(e)?

Frivillig forvaltningsrevisjon

3. I hvilken grad har Karmsund Havn IKS etablert system og rutiner som bidrar til å sikre en **økonomisk forsvarlig drift** av selskapet?

- a. Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjetter?
- b. Gjennomfører selskapet risikovurderinger i forbindelse med større investeringer?
- c. Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjett i større prosjekter?
- d. Har selskapene hatt en økonomisk utvikling i samsvar med uttrykte forventninger fra eierne?

4. I hvilken grad har selskapet etablert et **system og rutiner** for å bidra til å sikre at selskapet etterlever alle lover og regelverk som gjelder for selskapet?

5. I hvilken grad har selskapet etablert retningslinjer/rutiner for å **anskaffelser** og kontraktsoppfølging?

6. I hvilken grad har selskapet etablert en prosjekthåndbok eller tilsvarende som regulerer selskapets styring av **investeringsprosjekter**?

7. I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å ivareta systematisk **helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid** i samsvar med krav i internkontrollforskriften?

8. I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å sikre **miljøvern**?

9. I hvilken grad har selskapet gjennomført ROS-analyse og utarbeidet **beredskapsplan** i samsvar med beredskapsforskriften?

For dette arbeidet har KPMG estimert at dei vil bruke **180 timer** på oppdraget, fordelt på hovedaktivitetane: førebuinger, oppstart, gjennomføring og rapportering. I estimert fremdriftsplan og timetal vil det bli tatt omsyn til at fleire kommunar vil delta.

Prosjektet er tenkt å starte opp i januar 2018. Med tilgang på data og personell i januar, vil datainnsamling – og analyse bli gjennomført i løpet av våren 2018.

I prosjektplanens kapittel 3 har KPMG presentert sin metodikk, framdriftsplanar, honorar og prosjektteamet med deira CV-er, med utdanning, arbeidserfaring og tidlegare prosjekterfaring.

Pris for oppdraget er unntatt offentlighet med henvisning til offentleglova § 23.3, der det er unnatak for innsyn for tilbod etter regelverket om offentlige innkjøp, fram til val av leverandør er gjort (utsatt innsynsrett).

Budsjett

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er 60-70 timer pr år ut i frå det kommunestyret sett av i budsjett for 2018 og etter prisjustering i henhold til avtale.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutval forutsette at også Haugesund kommune (med same eigardel som Karmøy) stilte seg bak prosjektet. Samla utgjær dei nesten 77 % av eigardelane. Dersom alle eigarane er med i prosjektet vil Bokn sin del utgjere **3,85 %** av totale kostnader og det vil seie ein del på **7 timer**. Dette utgjær over 10 % av det som er sett av i budsjett 2018.

Oppstart var tenkt nyåret med overlevering av rapport i juni, men er no skjøve ut i tid. Rapport vil truleg bli lagt fram for kontrollutvala til handsaming til fyrste i møte i august/september, og med handsaming i kommunestyret hausten 2018.

Kontrollutvalet vil i denne saka få innsikt i dei foreslåtte problemstillingane som ein ønskjer å oppnå med prosjektet. Ein forutsetnad for gjennomføring av prosjektet bør som nevnt vere at dei andre eigarkommunane også fatter vedtak om å delta.

Kontrollutvalet blei i møtet 18.10.17, sak 15/17 varsla om at Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg har tatt initiativ til ein samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Utvalet var samd i at ein kommende sak til utvalet kan bli gjort med skriftlig sakshandsaming. Utvalet blir nå presentert saken.

Sveio kontrollutval vedtok i møtet 07.11.17, sak 16/17 samrøystes følgjande:

Sveio kontrollutval er positiv til ein invitasjon til felles selskapskontroll om Karmsund Havn IKS. Sveio kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne den prosjektplan som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Sekretariatet valte å leggje saka fram for heile utvalet til møtet 30.01.18 og utvalet vedtok samrøystes i sak 3/18 følgjande:

Sveio kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigarandel.

Haugesund kontrollutvalg blei i møtet 28.11.17, under referatsak 34/17, pkt 47 orientert om inivitasjon, men valte å ha eige sak i neste møte kor prosjektmandat fra KPMG var vedlagt.

Haugesund kontrollutval vedtok i møtet 30.01.18, sak 4/18 følgjande:

Haugesund kontrollutvalg deltar i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eierkommuner og tråd med det utkastet til prosjektplan som foreligger fra KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eierkommunene blir etter eierandel.

Invitasjon til Bømlo kontrollutval er oversendt til deira sekretariat (Hordaland fylkeskommune) i desember, og utvalet fekk lagt fram saka i møtet den 15.02.18 og dei vedtok samrøystes å slutte seg til innstillinga om å delta.

Tysvær kontrollutval vedtok samrøystes i møtet 14.11.17, sak 28/17 følgjande:

Tysvær kontrollutval er positiv til ein invitasjon til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med utkast til prosjektmandat som vil bli lagt fram.

Tysvær kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne utkast til prosjektmandat som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Utvalet vil bli presentert mandatet og sak i møtet 27.02.18, sak 6/18.

Sekretariatets vurdering

Sist gang det blei invitert til felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon var i Haugaland Kraft AS i 2014. Alle sju kommunan var med og delte kostnadene. Av andre selskap som det tidlegare har vore gjennomført selskapskontroll i er Interkommunalt Arkiv (IKA) Rogaland IKS og Haugaland Interkommunalt Miljøverk (HIM) IKS.

Sekretariatet finner det naturleg at alle eigarkommunane deltar, og at utvalet slutter seg til utkast til prosjektplan som følgjer saka.

SEKRETARIATETS FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eigarkommunar og tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigarandel.

Aksdal, 21.02.18


Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	28.02.18	3/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

Vedlegg : Datatilsynet sin punktliste - nye personvernregler frå 2018-

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2018

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Når utvalet har valt eit prosjekt vil revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet bli lagd fram på neste møte i mai. Eventuelt kan utvalet gje utvalsleiar fullmakt eller at godkjenning vert gjort gjennom skriftleg handsaming eller telefonmøte.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal fyrst og fremst bestillast med bakgrunn i vedteken Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2016-2020 blei vedteken av Bokn kommunestyre i møte 08.11.16, sak xx/16. Følgjande prosjekt er tatt inn i planen:

- ~~1. Plan, byggesak og eigeendom~~ (rapport ferdig hausten 2017)
2. *Rusomsorg*
3. *Skulemiljø og mobbing*
4. *Vedlikehald*
5. *Informasjonstryggleik*

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- *vedtaksoppfølging*
- *habilitet*
- *sakshandsaming i NAV*
- *prosjektstyring*
- *kultur- og aktivitetstilbod*
- *sjukefråver innan skule og barnehage*
- *skulemiljø og mobbing*
- *ressursbruk innan helse- og omsorgssektoren*
- *utvikling- og kvalitetsarbeid innan helse- og omsorgssektoren*
- *tilpassa opplæring og spesialundervisning.*
- *internkontroll*

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll:

1. *Eigarskapsforvaltninga*
2. *Karmsund Havn IKS*
3. *Haugaland Interkommunale Miljøvern IKS*
4. *Haugaland Vekst IKS*
5. *Krisesenter Vest IKS*

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg sidan planen vart laga.

Utvalet må drøfte kva prosjekt dei vil ha. Utkast til prosjektmandat vil i då kunne bli handsama på neste møte, slik at endeleg bestilling kan bli gjort.

Personvernlova

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge i frå 25. mai 2018. Dette vil medføre ei rekkje endringar i norsk personvernlovgjeving. På Datatilsynet sine nettsider har vi bl.a. funne ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan bety: «Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet». Denne ligg som vedlegg.

Meir informasjon finn ein på denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Sekretariatet har delteke eller skal delta på konferansar om den nye personvernlova, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vere fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen, for å forsikra seg om at kommunen er i gang med naudsynte tilpassingar.

På denne bakgrunn bør kontrollutvalet vurdere om ein skal innhenta informasjon om kva konsekvensar dette vil få for kommunen. Utvalet kan f.eks. be rådmannen svara på desse spørsmåla:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?


På bakgrunn av det som går fram over, vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet ber om at rådmannen til neste møte svarar skriftleg på spørsmåla som går fram av spørsmålsstillingane over. Vidare blir det gjort framlegg om at rådmannen kjem i neste møte for å orientere munnleg i tillegg om saka.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

1. *Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til neste møte.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skrifleg på spørsmåla som går fram i saksframlegg i sak 3/18 når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov.*

Det skriftlege svaret sendast til sekretariatet innan 10.05.18. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å kome i møtet 22.05.18 for å orientere munnleg om saka.

Aksdal, 21.02.18


Toril Hallsjø
Utvalssekretær

Nye personvernregler fra 2018. Hva betyr det for din virksomhet?

Hva blir nytt?

1

Alle norske virksomheter får nye plikter

Alle virksomheter må sette seg inn i den nye lovgivningen og finne ut hvilke nye plikter som gjelder dem. Ledelsen må sørge for å få på plass rutiner for å overholde de nye pliktene. Alle ansatte må følge de nye rutineene når reglene trer i kraft.

2

Alle skal ha en forståelig personvern-erklæring

Informasjon om hvordan din virksomhet behandler personopplysninger skal være lett tilgjengelig og skrevet på en forståelig måte. Det nye lovverket stiller strengere krav til informasjonens form og innhold enn dagens lovgivning. All informasjon som gis til barn, skal tilpasses barnas forståelsesnivå.

3

Alle skal vurdere risiko og personvernkonsekvenser

Dersom et tiltak utgjør en stor risiko for personvernet, må virksomheten også utrede hvilke personvernkonsekvenser det kan ha. Hvis utredningen viser at risikoen er stor og dere selv ikke kan redusere den, skal Datatilsynet involveres i forhåndsdrøftelser.

4

Alle skal bygge personvern inn i nye løsninger

De nye reglene stiller krav til at nye tiltak og systemer skal utarbeides på en mest mulig personvernvennlig måte. Dette kalles innebygd personvern. Den mest personvernvennlige innstillingen skal være standard i alle systemer.

5

Mange virksomheter må opprette personvernombud

Alle offentlige og mange private virksomheter skal opprette personvernombud. Et personvernombud er virksomhetens personvernekspert, og et bindeledd mellom ledelsen, de registrerte og Datatilsynet. Ombudet kan være en ansatt eller en profesjonell tredjepart.

6

Reglene gjelder også virksomheter utenfor Europa

Virksomheter som holder til utenfor

Europa må også følge forordningen, dersom de tilbyr varer eller tjenester til borgere i et EU- eller EØS-land. Dette gjelder også om de ikke direkte tilbyr tjenester, men kartlegger adferden til europeiske borgere på nett. De som er etablert i flere land i Europa, skal bare trenge å snakke med personvernmyndighetene i det landet der de har sitt europeiske hovedkvarter.

7

Alle databehandlere får nye plikter

Databehandlere er virksomheter som behandler personopplysninger på oppdrag fra den ansvarlige virksomheten. Ofte er det snakk om leverandører av IT-tjenester. De nye reglene pålegger databehandlere å ha rutiner for inn-samling og bruk av personopplysninger. Databehandlere skal også si ifra til oppdragsgiveren sin hvis de får instruksjoner som er i strid med loven. Oppdragsgiver skal også godkjenne databehandlerens underleverandører. Databehandlere kan også bli holdt økonomisk ansvarlig sammen med oppdragsgiver.

8

Alle bør samarbeide i egne nettverk og følge bransjenormer

De nye reglene oppmuntrer til sektorvis utforming av retningslinjer og bransjenormer. Om dere følger bransjenormer, vil dere ha de viktigste rutinene på plass. Datatilsynet skal godkjenne bransjenormene.

9

Alle får nye krav til avvikshåndtering

Reglene for håndtering av sikkerhetsbrudd blir strengere. Forordningen stiller krav til når det skal varsles, hva varselet skal inneholde og hvem som skal varsles. Kort sagt skal man si fra raskere og oftere enn man gjør i dag.

10

Alle må kunne oppfylle borgernes nye rettigheter

Den enkeltes rett til å kreve at hans eller hennes personopplysninger slettes blir styrket. Dette kalles «retten til å bli glemt». Norske og europeiske borgere vil blant annet kunne kreve å ta med seg personopplysningene sine fra en leverandør til en annen i et vanlig brukt filformat. Dette kalles «dataportabilitet». De kan også motsette seg profilering. Alle henvendelser fra borgere skal besvares innen en måned.

Hva bør dere gjøre nå?

1

Ha oversikt over hvilke personopplysninger dere behandler

Alle virksomheter som samler inn eller bruker personopplysninger skal ha oversikt over hvilke personopplysninger det er snakk om, hvor de kommer fra og hva som er det rettslige grunnlaget for behandlingen. Sørg for å ha en slik oversikt. Det er et krav som gjelder også etter dagens lov.

2

Sørg for å oppfylle dagens lovkrav

Overgangen til de nye reglene blir lettere om dere etterlever kravene i personopplysningsloven, som gjelder i Norge i dag. Har dere gode rutiner for internkontroll som fungerer etter hensikten og er kjent i organisasjonen, er det lettere å få oversikt over hva dere må endre.

3

Sett dere inn i det nye regelverket

Dere finner forordningsteksten på Datatilsynets nettsider. Der fyller vi også på med artikler om de nye reglene etter hvert som vi utarbeider dem.

4

Lag rutiner for å følge de nye reglene

Gå gjennom rutineene dere har for behandling av personopplysninger. Oppdater dem etter nytt regelverk der det trengs. Dokumenter de nye rutineene, og legg en plan for nødvendige endringer. Er systemene deres laget for å ivareta kravet til innebygd personvern, dataportabilitet og personvern som standardinnstilling? Klarer dere å fange opp og besvare henvendelser fra borgerne innen én måned? Endringer i systemer og rutiner tar tid. Begynn allerede nå!

datatilsynet.no/forordning

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.02.18	4/18
Kommunestyret	24.04.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2017

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2017

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2017 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2017 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.


SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2017 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

OG INNSTILLING:

Bokn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2017 til orientering.

Aksdal, 21.02.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

BOKN KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2017



Foto: Ørjan Pedersen

KONTROLLUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2017.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”**kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**”.

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Kommunestyret sjølv vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmer veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Utvalet kan heller ikkje vere valt inn i andre utval. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

For perioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap))	Zuzanna Ufnal (Ap)
Nestleiar	Jørn Hansen (H, no uavhengig)	Tom-Inge Aksdal (H)
Medlem	May Jorunn Vatnaland (Sp)	Johannes Nilssen (Sp)

Jørn Hansen sit også i kommunestyret.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han møtt i ein gong i 2017. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har sjølv møtt to gonger, medan kommunalsjef Alvestad ein gong og seksjonssjef teknisk Bua to gonger.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2017

Kontrollutvalet har hatt **3** (4) møte, fordelt på to møte om våren og eit møte på hausten.. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov om å lukke. Utvalet held sine møte i møterommet i 1. etasje på Boknatun.

Utvalet har hatt 15 (25) saker til handsaming der 4 (5) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. Det er 29 (48) saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Leiar og nestleiar deltok på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) på Gardermoen i februar. Ingen deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni eller dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes i desember.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen for 2016 i møtet 22.05.17. Totalt sett blei rekneskapen for 2016 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot med kr 5.235.503. Kontrollutvalet kom med mellom anna følgjande merknad:

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 5,2 mill. kr som utgjør 5,2 % av driftsinntektene. Det er et klart betre resultat enn i fjor, og godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 59/16. I planen er det tatt inn fem prioriterte prosjekt og elleve uprioriterte prosjekt.

Utvalet bestilte i februar forvaltningsrevisjonsprosjekt om temaet «Plan, byggesak og eigedom». Ramma vart sett til 76 timar. Rapporten blei lagt fram for utvalet i oktober og kommunestyret 07.11.17, sak 48/17. I pkt. 3 lød følgjande:

Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Nytt prosjekt er til no ikkje valt, men framlegg til nytt prosjektmandat vil truleg komme i mai og rapport i løpet av hausten 2018.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 58/16 på bakgrunn av ei overordna analyse.

Ny felles selskapskontroll for Karmsund Hamn IKS er vedtatt av eigarkommunane. For Bokn kommune som har 3,85 % eigardel vil det utgjere 7 timer av 180 timer.

i

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Deloitte AS er kommunen sitt revisjonsselskap. Avtalen gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20 med opsjon til å forlengje avtalen med to år. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen. Ho har møtt i kvart møte i 2017. Forvaltningsrevisorane held til i Bergen, og var i haust tilgjengeleg via mobil pga. sjukdom.

Deloitte AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektplan for kommande rapport og utarbeida rapport.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orienteringar frå rådmann og ordførar i aktuelle saker.

På bakgrunn av brev frå gruppeleiar i Bokn Ap bad utvalet om ein orientering om drift av Bokn Arena og om foreininga Bokn Arena Event, der ordførar er styreleiar. Utvalet fekk ei utgreiing frå rådmannen og ordførar i møtet i februar. Utvalet fann ikkje grunn til nokon vidare oppfølging.

Utvalet er og blitt orientert om fellesøving innan samfunnstryggleik og beredskap, skatterekneskap og vedtekne økonomiske rammer, halvårsrapportar og KOSTRA-tall i løpet av året.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2016	KU SITT BUDSJETT 2017	VEDTATT BUDSJETT 2017	REGNSKAP 2017
Godtgjersle, kurs, m.m	24.558	53.000	16.500	41.991
Revisjonstenester	178.348	180.000	180.000	184.828
Sekretariatstenester	104.000	109 000	109 000	109.000
Sum utgifter eks. mva	307.126	342.000	305 500	335.819

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2018 var på kr 355.000, derav kr 185.000 til revisjonsstenester, kr 112.000 til sekretariat og kr 58.000 til utvalet.

Då framlegget ikkje er etterkomma av kommunestyret, medfører det at det ligg inn færre timer til forvaltningsrevisjon og andre kontrollar enn tidlegare år.

4.7 SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert frå 2005 og vore i drift i 13 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune er Daghild G. Alvestad valt til representantskapet i IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Alvestad møtte på representantskapsmøtet 24.04.17.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten har i 2017 vore omtrent som tidlegare år, med unntak at det blei eitt møte i haust. Det er handsama ein forvaltningsrevisjonsrapport. Utvalet har bede om meir informasjon om Bokn Arena og Bokn Arena Event. Administrasjonen har elles gjort greie for rekneskap, budsjett og andre aktuelle saker.

Bokn, 28.02.18

Lars Øyvind Alvestad
leiar

Jørn Hansen
nestleiar

May Jorunn Vatnaland
medlem

OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLLUTVAL 2017**Saker til behandling:**

- 1/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 26.11.16 ????
- 2/17 Brev til utvalet om Bokn Arena og Bokn Arena Event
- 3/17 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon – «Plan, byggesak og eigedom»
- 4/17 Kontrollutvalet si årsmelding for 2016
- 5/17 Referat- og orienteringssaker 15.02.17

- 6/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.02.17
- 7/17 Revisor si egenerklæring for 2017
- 8/17 Årsrekneskapen 2016 – kontrollutvalet sin uttale
- 9/17 Referat – og orienteringssaker 22.05.17

- 10/17 Godkjenning av protokoll frå møte 22.05.17
- 11/17 Forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom»
- 12/17 Revisjonsplan for 2017
- 13/17 Framlegg til budsjett 2018 – kontroll og tilsyn
- 14/17 Møteplan for 2018
- 15/17 Referat – og orienteringssaker 18.10.17

Referat- og orienteringssaker 2017

1. Statusrapport pr. februar 2017
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2016 og budsjett 2017
3. Årsrapport og skatterekneskap 2016 - skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
4. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2017
5. Rapport/evaluering frå Kontrollutvalgskonferansen 01.-02.02.17 på Gardermoen
6. Protokoll frå representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS 16.12.16
7. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 01.12.16
8. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
9. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 fra NKRF
10. Skatteetaten – kontrollrapport 2016 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen

11. Statusrapport pr. mai 2017
12. Status for forvaltningsrevisjonsrapportarbeidet mai 2017
13. Komm.styrevedtak 07.03.17, sak 10/17 – kontrollutvalet si årsmelding 2016
14. Karlsund Havn IKS – møte i hamnerådet 23.03.17
15. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 24.04.17
16. Interkommunalt Arkiv Rogland IKS - representantskapsmøte 26.04.17
17. Haugaland Vekst IKS – representantskapsmøte 28.04.16
18. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
19. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 24.05.17
20. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17

21. Orientering om økonomi og løpende og kommende prosjekt v/rådmannen
22. Statusrapport pr. oktober 2017
23. Protokoll fra generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
24. FKT-konferansen i Tromsø 7. – 8. juni
25. FKT – protokoll frå årsmøtet 07.06.17
26. KS utgitt revidert rettleiar om yringsfridom og varsling
27. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland 30.11.17 - program
28. Haugalandspakken AS – ekstraordinær generalforsamling 30.10.17
29. Haugaland Kraft AS – ekstraordinær generalforsamling 14.11.17

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	28.02.18	5/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.02.18

Vedlegg:

1. Statusrapport pr. februar 2018
2. Komm.styrevedtak 07.11.17, sak 48 – Forvaltningsrevisjon «Plan, byggesak og eigedom»
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2017 og budsjett 2018
4. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
5. Kontrollrapport 2017 vedk. skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
6. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2018
7. Rapport/evaluering frå Kontrollutvalgskonferansen 07.- 08.02.18 på Gardermoen v/ leiar
8. Protokoll frå representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS 15.12.17
9. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 15.12.17

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:


Referatsaker 1 - 9 blir tatt til orientering

Aksdal, 21.02.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



1

Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt februar 2018

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
«Nytt prosjekt»	15.02.17, sak 3/17	? timer	Til bestilling	hausten 2018	Deloitte AS
Selskapskontroll					
Karmsund Havn IKS	28.02.18, sak 2/18	7 timer av 180 t.	Til bestilling		KPMG AS
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Plan, byggesak og eigedom»	15.02.17, sak 3/17	18.10.17, sak /17	07.11.17, sak 48/17	12 månadar etter vedtak	
Selskapskontroll					
Andre saker					
Personvernlova		22.05.18			
Bokn Arena/ Event	-	15.02.17			

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Post/arkivhandtering i Bokn kommune»	03.09.15, sak 16/15	10.02.16, sak 2/16	08.03.16, sak 5/16	15.11.16, Sak 59/16	
« Tilpassing til Samhandlingsreforma»	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15	6 månader etter vedtak	Ikkje mottatt
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14, Sak 5/14	28.05.15, sak 9/15	16.06.15, sak 27/15	08.11.16, sak	
Andre saker					
Plan for forvaltnings- revisjon 2016-2020	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 16/16	15.11.16, sak 58/16	-	Deloitte
Plan for selskaps- kontroll 2016-20	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 17/16	15.11.16, sak 57/16	-	Deloitte

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Haugaland
Kontrollutvalgsekretariat IKS
Mottatt dato: 21.02.18
Journalført: 18/71/ha
Arkivkode: 216

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	07.11.2017	048/17

Saksansv. Kåre Bua	Arkiv K1 - 216, K3 - &58	Arkivsaknr 16/634
--------------------	--------------------------	-------------------

Forvaltningsrevisjonsrapport - Plan, byggesak og eiendom

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølginga av rapporten og korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer, innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunestyret 07.11.2017:

Behandling:

KS- 048/17 Vedtak:

Kontrollutvalet si tilråding vart tatt til etterretning.

Kva saka gjeld:

Forvaltningsrevisjon av Plan, byggesak og eigedom i Bokn kommune.

Bakgrunn for saka:

Sjå kontrollutvalet si behandling med vedlegg.

Saksutgreiing:

Vurdering:

Vedlegg:

Dok.nr

Tittel på vedlegg

21/2-18
G.A. Sørensen

24.10.2017

Særutskrift 11-17 Bokn

24.10.2017

11-17 Forvaltningsrevisjonsrapport - plan og bygg

3
A

1 Bokn kommune (2017) - År/Periode 2017 1 - 16

20.02.2018

	Buds(ønd) 2017	Regnskap 2017
Teneste: 1100 Kontroll og revisjon		
